**Universitetet i Agder**

**Fakultet for økonomi- og samfunnsfag**

**EKSAMEN**

| | |
|---|---|
| **Emnekode:** | **JU-200** |
| **Emnenavn:** | **Forvaltningsrett** |
| | |
| **Dato:** | **30. november 2007** |
| **Varighet:** | **kl. 0900 - 1300** |
| | |
| **Antall sider:** | **3** |
| **Målform:** | **Bokmål** |
| **Tillatte hjelpemidler:** | **Norges lover og andre ukommenterte lovsamlinger og særtrykk av lover og forskrifter** |
| **Merknader:** | **1. Alle fem spørsmålene skal drøftes og besvares**<br>**2. Det er ingen spesielle saksbehandlingsregler i Opplæringslova som det er nødvendig å bruke for å løse oppgaven** |

---

Peter er ti år og går femte årstrinn på Borgen kommunale skole i Lillevik. For to år siden innvandret han til Norge fra Tyskland sammen med sine foreldre og to yngre søsken. Det første året bodde familien i en annen kommune der Peter gikk fjerde årstrinn på Haugen skole.

Lillevik kommune har dårlig økonomi, og rektor på Borgen skole får pålegg fra rådmannen om så fort som mulig å redusere skolens kostnader. Skolen har store utgifter til spesialundervisning og til språkopplæring for elever fra språklige minoriteter. Alle kontaktlærerne på skolen blir bedt om å skrive et notat til rektor om hver enkelt elev som har spesialtilbud og redegjøre for elevens behov for tilbudet og om det er forsvarlig å redusere eller fjerne det.

Peter har hatt særskilt norskopplæring siden han kom til Norge. Solveig, som er kontaktlæreren hans, er overbevist om at det vil være svært uheldig hvis han mister dette tilbudet. Peter er så svak i norsk at han blir ertet for det av de andre elevene. Han har også problemer med å følge med i andre fag på skolen. Alt dette er nok medvirkende årsaker til at han blir en stadig mer ensom og engstelig gutt.

Før hun skriver notatet, ringer Solveig til Haugen skole og snakker med han som var Peters kontaktlærer der i fjerde årstrinn. I samtalen går hun grundig inn på Peters situasjon og forteller om guttens språkproblemer, angst og isolasjon. Hun får mange nyttige opplysninger tilbake fra kollegaen sin. Rektor har sagt at det er i orden at Solveig utveksler informasjon med Haugen skole, men hun har ikke spurt Peters foreldre om samtykke.

**Spørsmål 1: Har Solveig brutt taushetsplikten?**

Solveig er nærmeste nabo til Peter og hans familie. Hun er blitt god venninne med Peters mor og de to treffes ofte i fritida. Blant annet går de på treningssenter sammen to ganger i uka.

På grunn av forholdet til Peters mor er Solveig i tvil om hun bør skrive notatet til rektor. Da hun likevel bestemmer seg for å gjøre det, er det fordi ingen andre på skolen kjenner gutten og hans problemer bedre enn henne. Hun mener det er i alles interesse at saken utredes av den som vet mest om den.

**Spørsmål 2: Er Solveig inhabil til å skrive notatet?**

Solveig utarbeider et langt notat der hun beskriver skolens tilbud til Peter. Hun forklarer språkvanskene hans og de problemene det gir i form av erting, angst og isolasjon. Hun påpeker også at Peters problemer i andre fag har nær sammenheng med hans dårlige ferdigheter i norsk. Hun konkluderer med at det vil være svært uheldig hvis tilbudet om språkopplæring faller bort.

Etter at rektor har fått inn alle notatene fra kontaktlærerne, skjønner han fort at det er umulig å redusere skolens kostnader uten å ramme enkelte elever hardt. Han har imidlertid ikke noe valg, synes han, og fordeler kostnadskuttene som best han kan. Foreldrene til elever som rammes får beskjed om dette i brev. Peters foreldre er blant disse. I brevet til dem heter det:

*"Opplæringslova § 2-8 lyder slik:*

> *"Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen."*

*I medhold av denne bestemmelsen har Peter hatt særskilt norskopplæring i hele fjerde trinn på Haugen skole og i femte trinn frem til i dag her på Borgen skole. Til tross for at han ennå har problemer med norsk, finner vi det dessverre nødvendig å fjerne tilbudet om språkopplæring. Dette skyldes i det vesentlige at skolens økonomiske situasjon er så anstrengt at vi er nødt til å stramme kraftig inn på enkelte tiltak som vi helst ville ha opprettholdt. Vi sier oss lei for dette, men håper på forståelse. For øvrig er det vår erfaring at de fleste elevene fra utlandet utvikler språkferdighetene sine ganske raskt. Vi regner derfor med at Peter om ikke så lenge lærer seg godt norsk innenfor skolens ordinære opplæringstilbud"*

Foreldrene til Peter blir fortvilte da de leser brevet. De får i stand et møte med rektor. På møtet kritiserer de skolens fremgangsmåte. De fikk ingen beskjed på forhånd før avgjørelsen om å fjerne tilbudet ble tatt. Til det svarer rektor at det hastet med å få iverksatt kuttene. Det var ikke tid til å sende ut varsel til alle foreldrene.

**Spørsmål 3: Skulle Peters foreldre hatt forhåndsvarsel?**

Peters foreldre tror heller ikke at skolen har lov til å fjerne tilbudet. De har lest opplæringslova § 2-8 grundig og tror Peters interesser må veie tyngre enn skolens økonomi. Rektor er ikke enig i det og sier at alle må bøye seg for de harde økonomiske realiteter. Foreldrene står på sitt og mener at det totalt sett er så mange feil ved avgjørelsen at den må være ugyldig.

**Spørsmål 4: Er skolens avgjørelse om å fjerne tilbudet om særskilt norskopplæring til Peter ugyldig?**

Møtet avsluttes med at Peters foreldre ber om å få lese Solveigs notat. Rektor nekter dem det fordi det bare er ment som et hjelpedokument for den interne saksbehandlingen på skolen. Dessuten, sier han, har notatet ingen interesse lenger siden skolen nå har tatt sin avgjørelse og ser seg ferdig med saken.

**Spørsmål 5: Har Peters foreldre krav på innsyn i notatet som Solveig utarbeidet?**

**Universitetet i Agder**

**Fakultet for økonomi- og samfunnsfag**

**EKSAMEN**

| | |
|---|---|
| **Emnekode:** | **JU-200** |
| **Emnenamn:** | **Forvaltningsrett** |
| **Dato:** | **30. november 2007** |
| **Tid:** | **kl. 0900 - 1300** |
| **Antall sider:** | **3** |
| **Målform:** | **Nynorsk** |
| **Tillatte hjelpemiddel:** | **Noregs lover og andre ukommenterte lovsamlingar og særtrykk av lovar og føreskrifter** |
| **Merknader:** | **1. Drøft og svar på alle fem spørsmåla**<br>**2. Det er ingen særskilde sakshandsamingsreglar i Opplæringslova som det er naudsynt å nytte for å løyse oppgåva** |

---

Peter er ti år og går femte årstrinn på Borgen kommunale skule i Lillevik. For to år sia innvandra han til Noreg frå Tyskland saman med foreldra sine og to yngre sysken. Det fyrste året budde familien i ein annan kommune der Peter gjekk fjerde årstrinn på Haugen skule.

Lillevik kommune har dårleg økonomi, og rektor på Borgen skule får pålegg frå rådmannen om så fort som mogleg å redusere kostnadene til skulen. Skulen har store utgifter til spesialundervisning og til språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar. Alle kontaktlærarane på skulen vert bedde om å skrive eit notat til rektor om kvar einskild elev som har spesialtilbod og gjere rede for behovet til eleven for tilbodet og om det er forsvarlig å redusere eller fjerne det.

Peter har hatt særskild norskopplæring sia han kom til Noreg. Solveig, som er kontaktlæraren han sin, er overtydd om at det vil vere særs uheldig dersom han missar dette tilbodet. Peter er så svak i norsk at han vert erta for det av dei andre elevane. Han har også problem med å fylgje med i andre fag på skulen. Alt dette er nok medvirkande årsaker til at han blir ein stadig mer einsam og engsteleg gut.

Før ho skriv notatet, ringar Solveig til Haugen skule og snakkar med han som var kontaktlæraren til Peter der i fjerde årstrinn. I samtalen går ho grundig inn på situasjonen til Peter og fortel om språkproblema til guten, angst og isolasjon. Ho får mange nyttige opplysningar tilbake frå kollegaen sin. Rektor har sagt at det er i orden at Solveig utvekslar informasjon med Haugen skule, men ho har ikkje spurt Peters foreldre om samtykke.

**Spørsmål 1: Har Solveig brote teieplikta?**

Solveig er næraste nabo til Peter og familien han sin. Ho har vorte god venninne med Peters mor

og dei to treff kvarandre ofte i fritida. Blant anna går dei på treningssenter saman to gonger i veka. På grunn av forholdet til Peters mor er Solveig i tvil om ho bør skrive notatet til rektor. Då ho likevel bestemmer seg for å gjere det, er det fordi ingen andre på skulen kjenner guten og problema han sine betre enn ho. Ho meiner det er av interesse for alle at dei som veit mest om saka greier ho ut.

**Spørsmål 2: Er Solveig inhabil til å skrive notatet?**

Solveig utarbeider eit langt notat der ho skildrar tilbodet skulen gir Peter. Ho forklarer språkvanskane og dei problema det gir i form av erting, angst og isolasjon. Ho peiker også på at Peters problem i andre fag har nær samanheng med den dårlege dugleiken i norsk. Ho konkluderer med at det vil vere særs uheldig dersom tilbodet om språkopplæring fell bort.

Etter at rektor har fått inn alle notata frå kontaktlærarane skjøner han fort at det er umogleg å redusere kostnadene til skulen utan å ramme enkelte elevar hardt. Han har imidlertid ikkje noko val, syns han, og fordeler kutta i kostnadene som best han kan. Foreldrane til elevar som vert ramma får beskjed om dette i brev. Peters foreldre er blant desse. I brevet heitter det:

*"Opplæringslova § 2-8 lyder slik:*

> *"Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen."*

*I medhold av denne lovstaden har Peter hatt særskilt norskopplæring i heile fjerde trinn på Haugen skule og i femte trinn frem til i dag her på Borgen skule. Trass i at han enno har problem med norsk, finn me det diverre naudsynt å fjerne tilbodet om språkopplæring. Skyld i dette er at den økonomiske situasjonen til skulen er så vanskeleg at me er nøydde til å stramme kraftig inn på enkelte tiltak som me helst ville ha oppretteheldt. Me seier oss leie for dette, men vonar på forståing. Elles er det vår erfaring at dei fleste elevane frå utlandet utviklar språkdugleiken sin ganske fort. Me reknar difor med at Peter om ikkje så lenge lærer seg godt norsk innanfor det ordinære tilbodet om opplæring frå skulen"*

Foreldrane til Peter blir fortvilte då dei les brevet. Dei får i stand eit møte med rektor. På møtet kritiserer dei måten skulen har gått fram på. Dei fekk ingen beskjed på førehand før avgjersla om å fjerne tilbodet vart teken. Til det svarar rektor at det hasta med å få iverksatt kutta. Det var ikkje tid til å sende ut varsel til alle foreldrane.

**Spørsmål 3: Skulle Peters foreldre hatt varsel på førehand?**

Peters foreldre trur heller ikkje at skulen har lov til å fjerne tilbodet. Dei har lese opplæringslova § 2-8 grundig og trur Peters interessar må vege tyngre enn økonomien til skulen. Rektor er ikkje einig i det og seier at alle må bøye seg for dei harde økonomiske realitetane. Foreldrane står på sitt og meiner at det totalt sett er så mange feil ved avgjersla at ho må vere ugyldig.

**Spørsmål 4: Er avgjersla til skulen om å fjerne tilbodet om særskild norskopplæring til Peter ugyldig?**

Møtet vert avslutta med at Peters foreldre ber om å få lese Solveigs notat. Rektor nekter dei det av di det berre er meint som eit hjelpedokument for den interne sakshandsaminga på skulen. Dessutan, seier han, har notatet inga interesse lenger sia skulen no har teke si avgjersle og ser seg ferdig med saka.

**Spørsmål 5: Har Peters foreldre krav på innsyn i notatet som Solveig utarbeidde?**